



ÅRSREGNSKAPET FOR REGNSKAPSÅRET 2021 - GENERELL INFORMASJON

Enheten

Organisasjonsnummer: 985 231 931
Organisasjonsform: Stiftelse
Foretaksnavn: STIFTINGA VEST-TELEMARK MUSEUM
Forretningsadresse: Museumsvegen 9
3891 HØYDALSMO

Regnskapsår

Årsregnskapets periode: 01.01.2021 - 31.12.2021

Konsern

Morselskap i konsern: Nei

Regnskapsregler

Regler for små foretak benyttet: Ja
Benyttet ved utarbeidelsen av årsregnskapet til selskapet: Regnskapslovens alminnelige regler

Årsregnskapet fastsatt av kompetent organ

Bekreftet av representant for selskapet: Lars Bjaadal
Dato for fastsettelse av årsregnskapet: 16.02.2022

Grunnlag for avgivelse

År 2021: Årsregnskapet er elektronisk innlevert
År 2020: Tall er hentet fra elektronisk innlevert årsregnskap fra 2021

Det er ikke krav til at årsregnskapet m.v. som sendes til Regnskapsregisteret er undertegnet. Kontrollen på at dette er utført ligger hos revisor/enhetens øverste organ. Sikkerheten ivaretas ved at innsender har rolle/rettighet for innsending av årsregnskapet via Altinn, og ved at det bekreftes at årsregnskapet er fastsatt av kompetent organ.

Brønnøysundregistrene, 03.03.2023



Resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2021	2020
RESULTATREGNSKAP			
Inntekter			
Annen driftsinntekt	7	20 871 905	20 161 227
Sum inntekter		20 871 905	20 161 227
Kostnader			
Varekostnad		1 120 355	821 845
Lønnskostnad	2	11 316 954	9 658 017
Avskrivning på varige driftsmidler og immaterielle eiendeler	3	356 082	269 086
Annen driftskostnad		6 488 453	5 792 417
Sum kostnader		19 281 845	16 541 365
Driftsresultat		1 590 060	3 619 862
Finansinntekter og finanskostnader			
Annen renteinntekt		17 819	30 755
Annen finansinntekt		32	5 308
Sum finansinntekter		0	0
Annen rentekostnad		92 898	160 196
Annen finanskostnad		158	4 599
Sum finanskostnader		0	0
Netto finans		-75 205	-128 732
Ordinært resultat før skattekostnad		1 514 856	3 491 130
Ordinært resultat etter skattekostnad		1 514 856	3 491 130
Årsresultat		1 514 856	3 491 130
Totalresultat		1 514 856	3 491 130
Overføringer og disponeringer			
Overføringer til/fra annen egenkapital	6	1 514 856	3 491 130
Sum overføringer og disponeringer		1 514 856	3 491 130



Balanse

Beløp i: NOK	Note	2021	2020
BALANSE - EIENDELER			
Anleggsmidler			
Immaterielle eiendeler			
Sum immaterielle eiendeler		0	0
Varige driftsmidler			
Tomter, bygninger og annen fast eiendom	3	1 725 294	2 178 688
Driftsløsøre, inventar, verktøy, kontormaskiner og lignende	3	6 792 044	6 695 744
Sum varige driftsmidler		8 517 339	8 874 432
Finansielle anleggsmidler			
Investeringer i aksjer og andeler	3	5 002	5 002
Andre fordringer		156 751	135 591
Sum finansielle anleggsmidler		161 753	140 593
Sum anleggsmidler		8 679 092	9 015 025
Omløpsmidler			
Varer			
Varer		616 793	589 456
Sum varer		616 793	589 456
Fordringer			
Kundefordringer		131 747	18 711
Andre fordringer		863 005	857 192
Sum fordringer		994 752	875 903
Investeringer			
Sum investeringer		0	0
Bankinnskudd, kontanter og lignende			
Bankinnskudd, kontanter og lignende		15 461 173	10 481 978
Sum bankinnskudd, kontanter og lignende		15 461 173	10 481 978
Sum omløpsmidler		17 072 719	11 947 337



Balanse

Beløp i: NOK	Note	2021	2020
SUM EIENDELER		25 751 810	20 962 362
BALANSE - EGENKAPITAL OG GJELD			
Egenkapital			
Innskutt egenkapital			
Selskapskapital	5,6	212 000	212 000
Annen innskutt egenkapital		0	0
Sum innskutt egenkapital		212 000	212 000
Opptjent egenkapital			
Annen egenkapital	6	11 587 391	10 091 859
Sum opptjent egenkapital		11 587 391	10 091 859
Sum egenkapital		11 799 391	10 303 859
Gjeld			
Langsiktig gjeld			
Sum avsetninger for forpliktelser		0	0
Annen langsiktig gjeld			
Gjeld til kredittinstitusjoner	4	5 040 000	5 700 000
Sum annen langsiktig gjeld		5 040 000	5 700 000
Sum langsiktig gjeld		0	0
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		480 423	1 480 301
Skyldige offentlige avgifter		648 036	511 520
Annen kortsiktig gjeld		7 783 960	2 966 682
Sum kortsiktig gjeld		8 912 419	4 958 503
Sum gjeld		13 952 419	10 658 503
SUM EGENKAPITAL OG GJELD		25 751 810	20 962 362



Brønnøysundregistrene

ÅRSREGNSKAP FOR REGNSKAPSÅRET 2021 - GENERELL INFORMASJON

Journalnummer: 2022 132009

Enheten

Organisasjonsnummer: 985 231 931
Organisasjonsform: Stiftelse
Foretaksnavn: STIFTINGA VEST-TELEMARK MUSEUM
Forretningsadresse: Museumsvegen 9
3891 HØYDALSMO

Regnskapsår

Årsregnskapets periode: 01.01.2021 - 31.12.2021

Konsern

Morselskap i konsern: Nei

Regnskapsregler

Regler for små foretak benyttet: Ja
Benyttet ved utarbeidelsen av
årsregnskapet til selskapet: Regnskapslovens alminnelige regler

Årsregnskapet fastsatt av kompetent organ

Bekreftet av representant for selskapet: Lars Bjaadal
Dato for fastsettelse av årsregnskapet: 16.02.2022

Grunnlag for avgivelse

År 2021: Årsregnskap er elektronisk innlevert.
År 2020: Tall er hentet fra elektronisk innlevert årsregnskap fra 2021.

Det er ikke krav til at årsregnskapet m.v. som sendes til Regnskapsregisteret er undertegnet. Kontrollen på at dette er utført ligger hos revisor/enhetens øverste organ. Sikkerheten ivaretas ved at innsender har rolle/rettighet for innsending av årsregnskapet via Altinn, og ved at det bekreftes at årsregnskapet er fastsatt av kompetent organ.

Brønnøysundregistrene, 05.03.2022



Organisasjonsnr: 985 231 931
STIFTINGA VEST-TELEMARK MUSEUM

RESULTATREGNSKAP

Beløp i: NOK	Note	2021	2020
RESULTATREGNSKAP			
Inntekter			
Annen driftsinntekt	7	20 871 905	20 161 227
Sum inntekter		20 871 905	20 161 227
Kostnader			
Varekostnad		1 120 355	821 845
Lønnskostnad	2	11 316 954	9 658 017
Avskrivning på varige driftsmidler og immaterielle eiendeler	3	356 082	269 086
Annen driftskostnad		6 488 453	5 792 417
Sum kostnader		19 281 845	16 541 365
Driftsresultat		1 590 060	3 619 862
Finansinntekter og finanskostnader			
Annen renteinntekt		17 819	30 755
Annen finansinntekt		32	5 308
Sum finansinntekter		0	0
Annen rentekostnad		92 898	160 196
Annen finanskostnad		158	4 599
Sum finanskostnader		0	0
Netto finans		-75 205	-128 732
Ordinært resultat før skattekostnad		1 514 856	3 491 130
Ordinært resultat etter skattekostnad		1 514 856	3 491 130
Årsresultat		1 514 856	3 491 130
Totalresultat		1 514 856	3 491 130
Overføringer og disponeringer			
Overføringer til/fra annen egenkapital	6	1 514 856	3 491 130
Sum overføringer og disponeringer		1 514 856	3 491 130



Organisasjonsnr: 985 231 931
STIFTINGA VEST-TELEMARK MUSEUM

BALANSE

Beløp i: NOK	Note	2021	2020
BALANSE - EIENDELER			
Anleggsmidler			
Immaterielle eiendeler			
Sum immaterielle eiendeler		0	0
Varige driftsmidler			
Tomter, bygninger og annen fast eiendom	3	1 725 294	2 178 688
Driftsløsøre, inventar, verktøy, kontormaskiner og lignende	3	6 792 044	6 695 744
Sum varige driftsmidler		8 517 339	8 874 432
Finansielle anleggsmidler			
Investeringer i aksjer og andeler	3	5 002	5 002
Andre fordringer		156 751	135 591
Sum finansielle anleggsmidler		161 753	140 593
Sum anleggsmidler		8 679 092	9 015 025
Omløpsmidler			
Varer			
Varer		616 793	589 456
Sum varer		616 793	589 456
Fordringer			
Kundefordringer		131 747	18 711
Andre fordringer		863 005	857 192
Sum fordringer		994 752	875 903
Investeringer			
Sum investeringer		0	0
Bankinnskudd, kontanter og lignende			
Bankinnskudd, kontanter og lignende		15 461 173	10 481 978
Sum bankinnskudd, kontanter og lignende		15 461 173	10 481 978
Sum omløpsmidler		17 072 719	11 947 337
SUM EIENDELER		25 751 810	20 962 362

BALANSE - EGENKAPITAL OG GJELD



Egenkapital			
Innskutt egenkapital			
Selskapskapital	5,6	212 000	212 000
Annen innskutt egenkapital		0	0
Sum innskutt egenkapital		212 000	212 000
Opptjent egenkapital			
Annen egenkapital	6	11 587 391	10 091 859
Sum opptjent egenkapital		11 587 391	10 091 859
Sum egenkapital		11 799 391	10 303 859
Gjeld			
Langsiktig gjeld			
Sum avsetninger for forpliktelses		0	0
Annen langsiktig gjeld			
Gjeld til kredittinstitusjoner	4	5 040 000	5 700 000
Sum annen langsiktig gjeld		5 040 000	5 700 000
Sum langsiktig gjeld		0	0
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		480 423	1 480 301
Skyldige offentlige avgifter		648 036	511 520
Annen kortsiktig gjeld		7 783 960	2 966 682
Sum kortsiktig gjeld		8 912 419	4 958 503
Sum gjeld		13 952 419	10 658 503
SUM EGENKAPITAL OG GJELD		25 751 810	20 962 362



Organisasjonsnr: 985 231 931
STIFTINGA VEST-TELEMARK MUSEUM

NOTEOPPLYSNINGER - SELSKAP - alle poster oppgitt i hele tall

Note
1

Regnskapsprinsipper

Note
1

Er det usikkerhet om fortsatt drift?: Nei

Note

Antall årsverk i regnskapsåret
0.00

Note
2

Spesifisering av resultatregnskapet

Lønnskostnader

<u>Sum</u>	<u>Beløp</u>
------------	--------------

<u>Balanseført verdi 31.12.</u>	<u>Variige driftsmidler</u>	<u>Immaterielle eiend.</u>
---------------------------------	-----------------------------	----------------------------

Konsernregnskap

Morselskapet sitt navn

Forretningskontor for morselskapet

Begrunnelse for at datterselskap er utelatt fra konsolideringen



Samlet beløp - tilknyttet selskap Årets Fjorårets

Samlet beløp - foretak i samme konsern Årets Fjorårets

Samlet beløp - foretak i samme konsern Årets Fjorårets

Samlet beløp - felles kontrollert virksomhet Årets Fjorårets

Pantstillelse Beløp

Beholdning av egne aksjer Antall Pålydende Andel av aksjek.



Årsmelding og årsrekneskap
for
Stiftinga Vest-Telemark Museum

2021

Årsmelding 2021 for Vest-Telemark Museum

Årsmelding for 2021

Stiftinga Vest-Telemark Museum

Rapport vurdering måloppnåing

Hovudmål:

Stiftinga Vest-Telemark Museum skal sikre eit stabilt og mangfaldig kunst- og kulturtilbod med vekt på kunstnarleg og fagleg kvalitet, og at materiell og immateriell kulturarv frå fortid og samtid vert bevart og gjort tilgjengeleg for ettertid.

Stiftinga Vest-Telemark Museum skal stimulere til ivaretaking og nytenking ved bruk og utvikling av lokale ressursar.

Dette skal skje ved å gje kunnskap om, forståing for og oppleving av kultur- og kunsthistoria til Vest-Telemark på ein måte som viser både kontinuitet og endring, samanheng og forskjell.

Vest-Telemark Museum skal

- trygge og auke driftsgrunnlaget for verksemda, sikre gode arbeidstilhøve og fysiske rammevilkår.
- arbeide målretta for å betre katalogiseringa, sikringa og bevaringa av samlingane.
- leggje til rette for forskning og formidling i tilknytning til samlingane.
- nå ut til alle grupper med særskild vekt på barn og unge.
- halde vedlike sine bygningar og kulturlandskap for ettertida.

Drift, utvikling og fornying

Resultatmål drift og utvikling

Vest-Telemark Museum skal trygge og auke driftsgrunnlaget for verksemda, sikre gode arbeidstilhøve og fysiske rammevilkår.

- vidareutvikle Norsk Skieventyr og VTM – Eidsborg som faglege og opplevingsmessige fyrtårn
- arbeide for nytt regionalt kunstmuseum med magasin og utstillingsareal etter museumsfaglege standardar
- utvikle samla salsinntekter til kr. 4 mill. i 2021
- prioritere marknadsarbeidet
- styrke faglege ressursar innan formidling, vedlikehald og kjeldearbeid
- gjennomgå organisasjonsplan og ansvarsområde
- kurse og vidareutdanne personalet
- vere aktiv deltakar og utviklar av faglege nettverk
- vidareutvikle HMS/IK-planarbeidet. VTM skal innan 2022 bli sertifisert som Miljøfyrtårn.

Årsmelding 2021 for Vest-Telemark Museum

Vurdering av elga måloppnåing

Også 2021 var prega av følgjene av korona-pandemien. Nedstenging, oppmoding om heimekontor, smitteverntiltak og avgrensingar i høve til kor mange ein kunne samle til arrangementet kasta om på etablerte tilbod, planar, igangsette tiltak og prosjekt. VTM har følgd dei råd og retningslinjer som er gjeve, men har likevel i stor grad oppretthalde aktiviteten heile tida.

Av større utviklingstiltak vart bygging av aktivitetsområde (fløtningspark) for born utanfor Norsk Skieventyr starta opp. Dette er i samarbeid med Sentrumsprosjektet i Morgedal. Endeleg ferdigstilling er våren 2022, med planlagt opning 10.juni. Vidare var det byggjearbeid for kjøken og sanitærbygg på Øyfjell Bygdemuseum. Dette skal også vere ferdigstilt til sesongen.

Nytt initiativ vart gjort for nytt kunstmuseum på Rauland, jf. tidlegare rapporteringar. Ein har på plass ny organisering av prosjektet, og utgreiingsarbeidet samt søknadsutarbeiding vil gå dette året. Investeringsøknad vil bli sendt KUD innan nyttår.

Bygningsvernsatsinga gjekk vidare med rådgjevingsteneste og utgreiingsarbeid. Rapport er under ferdigstilling, men fylkeskommunen løyvde allereie før nyttår midlar til vidare satsing. Målsetjing er å starte etablering av bygningsvernsenter i løpet av 2022.

Miljøsertifisering var på plass mars 2021. Med dette har ein hatt ein grundig gjennomgang av verksemda, utarbeidd målsetjingar og rapporteringssystem. Som del av sertifiseringar gjennomførte ein også ein omfattande revisjon av internkontrollsystemet, og fekk kvalitetssikra HMS- og personalrutiner.

Samarbeidsprosjektet med Dyrsku'n vart amputert på grunn av avlysinga av årets arrangement, men tida vart nytta til vidare planlegging og utvikling av eit smedformidlingsprosjekt. Dette fekk finansiering og vert sett i drift i 2022.

Forvaltning – samling

Resultatmål samlingsarbeid

Vest-Telemark Museum skal arbeide målretta for å betre katalogiseringa, sikringa og bevaringa av samlingane.

- drifte fellesmagasinet for VTM og samlingane på alle einingar
- utarbeide klare rutiner for god samlingsforvaltning i samsvar med standarden SPECTRUM og ICOM.
- prioritere revisjon av gjenstandsregistreringane.
- utarbeide ein oppdatera og fullstendig samlingsforvaltningsplan for VTM
- gjennomføre ei restriktiv innsamling med prioritering av dei tematiske satsingsområda folkekunst og skikultur, 1900-talsmateriale.
- gjere samlingane fortløpande tilgjengeleg for publikum, særskild gjennom DigitaltMuseum

Vurdering av elga måloppnåing

Årsmelding 2021 for Vest-Telemark Museum

Hovudoppgåver for samlingsavdelinga er det daglege arbeidet med registrering og publisering av gjenstandar, arkiv, foto og bøker. I tillegg driv me samlingsrevisjon, og drift av samlingane gjennom ut- og inn-lån, samt handtering av både interne og eksterne førespurnadar knytt til samlingane.

Avdelinga prioriterer ulike delar av arbeidet noko ulikt frå år til år, avhengig av kor behovet er størst. I 2021 har hovudfokuset vore å revidere og publisere foto, og betre arbeidsflyten på mottaket. Å korte inn etterslepet har synt seg heilt naudsynt for å betre arbeidstilhøva for dei tilsette. Det har difor vore prioritert å få unna mykje av det som har lege uregistret på arbeidsstasjonane framføre å rydde eksterne magasin.

Det vert ført ein restriktiv innsamlingspolitikk, og me har hatt auka fokus på avhending. Avhenda/destruert materiale i 2021 har i stor grad vore ikkje-registrert materiale, og kjem slik ikkje fullt til syne i statistikken. Alle inntak og avhendingar vert vurdert av inntakskomite.

Dei etablerte rutineane for tilsyn magasin og utstillingar iht klima, temperatur og skadedyr vert følgde, og skjeggkreproblemet er framleis under kontroll.

Restriksjonar knytt til koronapandemien er løyst gjennom at dei tilsette på avdelinga har rullera på å vera til stades i Eidsborg, og arbeidsoppgåvene har vore nøye planlagt og tilpassa situasjonen. Måloppnåinga vert vurdert som tilfredsstillande, og heimekontor som arbeidsmetode grunna covid-19 har fungert utan at produktiviteten har gått ned på avdelinga.

Måloppnåing boksamling

Boksamlinga har ikkje hatt hovudprioritet i 2021, då me sette inn ressursar på ordning av boksamlinga ved NSE i 2020. Me har nådd målet for 2021 med å registrere/avhende eller oppdatere katalogpostar på 400 bøker.

86 nye boktitlar vart registrert i samlinga, og 162 titlar vart avhenda. Den totale bestanden er nå 13.629 registreringar, og det er venta at bestanden går ned etter som boksamlinga reviderast i åra som kjem.

Måloppnåing arkiv

Det er svært mange mindre arkiv som har lege frå år tilbake som ikkje har vore ordna, katalogisert og publisert. Målsettinga i 2021 var å ordne 12 hm, me enda på 17.6 hm fordelt på 32 ulike arkiv.

Arkivprosjektet *Digitalisering og bevaring av digitalt skapt materiale i Vest-Telemark* starta opp i september, og både delprosjekt 1 og 2 vert gjennomført etter planen. Det vart digitalisert og publisert 2103 digitale filer til Digitalarkivet i 2021.

Måloppnåing kunst

VTM har framleis store delar uregistret kunst, dette gjeld i all hovudsak skulptursamlinga. Denne er heller ikkje tilfredsstillande magasinert, og ein vonar eit framtidig Rauland Kunsthøgskule vil rette opp i dette.

Det vart registrert 152 nye kunstverk i Primus i 2021.

Når ein ser på dei lange linjene, var kring 33% av den registrerte kunstsamlinga publisert i perioden 2017-2019. I løpet av 2021 auka prosentandelen av det publiserte materialet til 49%, samstundes som det var registrert 32% fleire kunstgjenstandar enn i 2017.

Årsmelding 2021 for Vest-Telemark Museum

Måloppnåing kulturhistoriske gjenstandar

Hovudutfordringa for samlingsavdelinga er knytt til det store etterslepet av gjenstandar som ikkje er registrert eller plassert. Arbeidsflyten på mottaket er monaleg betra dei seinare åra, noko ein også ser av tala.

Det vart registrert 423 nye gjenstandar i Primus i 2021.

Kring 22% av dei registrerte gjenstandane ved VTM var publisert i perioden 2017-2019. I løpet av 2021 auka denne prosentandelen til 26%, samstundes som det var registrert 11% fleire gjenstandar enn i 2017.

Måloppnåing foto

Fotosamlinga har vore prioritert i 2021, ved at både fotoarkivar og arkivar tidvis har arbeidd med revidering og publisering. Foto er tilfredsstillande plassert på fotokjøle, og arbeidsflyten går bra.

I 2017-2019 var 72% av registrerte foto publisert på Digitalt Museum. Dette auka til heile 92% i løpet av 2021, samstundes som mengda registrerte foto auka med 8% i same periode.

Det er registrert 717 nye foto, og nær 2800 foto er revidert i 2021.

Oppsummering

Arbeidsprosessane for arkiv, foto og bøker er betydeleg betra etter ombygginga på mesaninen, og dette gjenspeilar seg i måloppnåinga. Den nye fotokjøla er også fullt operativ, og ein har flytta mesteparten av fotosamlinga inn i gode oppbevaringstilhøve. Nytt magasinbygg/lager er teke i bruk, noko som avlastar magasinå våre. Etterslepet på mottaket har minka, og arbeidsflyten er betra.

Samlingsavdelinga ved museet har også delteke i fleire fellesprosjekt ved museet, som planlegging av Rauland Kunsthus, samarbeid med Harald Kihle stiftelsen, ymse arrangement, samt det pågåande prosjektet om Jarand Rønjom. I tillegg bistår avdelinga med formidling av samlingane, tilrettelegging for studentar både frå USN og Fagskolen Innlandet, og omvisingar på magasin for våre samarbeidspartnarar.

Forsking og dokumentasjon

Resultatmål forsking og dokumentasjon

Vest-Telemark Museum skal leggje til rette for forsking og formidling i tilknytning til samlingane.

- prioritere oppfølging av faglege førespurnader innan våre fagfelt
- stimulere til forsking innan våre fagfelt gjennom å setje av eigne ressursar og utarbeide problemstillingar for masterstudentar og andre
- vidareføre stipendordninga for forsking på kultur- og kunsthistoriske tema frå regionen
- stille våre kjelder digitalt tilgjengeleg

Vurdering av eiga måloppnåing

Oppfølging faglege førespurnader er prioritert, og er ei grunnleggande oppgåve knytt til vårt arbeid med samlingar, foto og arkiv. Som tidlegare er det stor bruk av samlingane våre frå folkekunststudiet på USN, men også mange andre nyttar vårt materiale som kjelde og inspirasjon.

Årsmelding 2021 for Vest-Telemark Museum

Digitalisering og publisering av gjenstandssamling, foto og arkiv er prioritert, og DigitaltMuseum og Arkivportalen er dei sentrale kanalar. Storscanner vart innkjøpt i 2021 og dei fyrste arkiv er publisert på Digitalarkivet.

Det vart ikkje publisert noko eige større forskingsarbeid ved museet dette år, men museet mottok «Clay County Heritage Award 2021» for arbeidet med boka og utstillingane om Orabel Thortvedt/Red River Girl.

I samband med arbeidet med brynesteinshistoria og fylkeskommunen si satsing på vikingtid og mellomalder arrangerte me i september det fyrste Eidsborgseminaret. Her vart samla dei fremste innan geologi, arkeologi og historie som har arbeidd med brynesteinshistoria eller tangerande forskning. Antalsavgrensingar gjorde at seminaret snart vart fullteikna, og det vart difor streama slik at alle interesserte kunne deltaka. Over 500 følgde slik føredraga. Det vert planlagt ei seminarrekke på 3-4 dei komande år slik at ein får dekt dei ulike epokar og tema, og føredraga vert publisert som fagfelleverderte artiklar etter kvart seminar.

Av nyrekruttert mannskap i 2021 var det to med mastergrad. Ein har von om at desse kan vere med å leggje grunnlag for nok ein autorisasjon som konservator NMF etter kvart.

Formidling

Resultatmål formidling

- utvikle og produsere utstillingar, aktivitetar/arrangement og publikasjonar som stimulerer til oversyn, forståing og kritisk refleksjon
- vedlikehalde og vidareutvikle formidlinga ved museets faste visingsarenaer
- legge museets faste arenaer til rette for publikum generelt, og for grupper med særskilde behov spesielt
- prioritere aktivitetsbasert formidling basert på fysisk rekvisittbruk, audiovisuell/digital stimulering og bruk av sosiale medium
- legge særskild vekt på formidling til born, unge og innvandrarar gjennom pedagogisk tilrettelegging og samarbeid med undervisningsinstitusjonar, DKS, Kulturtanken og andre
- utvikle museet si heimeside som informasjons- og formidlingskanal
- lære opp sesongtilsette formidlarar og utarbeide/fornye guiderressursar.

Vurdering av eiga måloppnåing

Med koronakompensasjonen var målsetjinga å oppretthalde publikumstilbodet best mogeleg. Opningstider og bemanning på dei ulike einingane vart difor gjennomført som i 2019, men med dei pålagde smittevernstiltak. Bortfall av grupper og utanlands besøk gjorde særskild skuldersesongane svake, men alt i alt vart det ein vel gjennomført sesong. Nedstengingane elles i året gjorde at mykje av

Årsmelding 2021 for Vest-Telemark Museum

planlagde arrangement og utleiger vart avlyst. Samla gjekk museumsbesøket opp 3 % frå 2020, men ligg 14,1 % under 2019.

Det var 12 nye utstillingsproduksjonar dette år:

- Utviding utstilling Lårdal Uldspinderi, VTM-Eidsborg
- Måleriutstilling Sveinung Svalastoga, VTM -Eidsborg
- Revidert stasjonsutstillinga, VTM-Eidsborg
- Knut Høihjelle (kunst, salsutstilling i samband med nylansering av boka om Sondre Norheim, Norsk Skieventyr
- Åmdals Verk i stordomstida (fotoutstilling), Åmdals Verk Gruver
- Teiknaren og folkeopplysaren John Skarprud, Kviteseid Bygdetun
- Brørne Trovatten og Øyfjell Bygdemuseum, Øyfjell Bygdemuseum
- Jakt og fiske (ny permanent utstilling), Øyfjell Bygdemuseum
- Tvøru og hòlk – ei historie om mat og tradisjonar, Øyfjell Bygdemuseum
- Kunstutstilling Liv solberg Andersen, Gudrun Røyneberg og Kjersti Rahbek Hvamb, Grimdalsstunet
- Kunstutstilling Ørnulf Oppdahl og Tore Hansen, Knut Skinnarlands samlingar
- Kunstutstilling Reidar Kolbrek, Dyre Vaa samlingane

Museet hadde ein større publikasjon dette året. Boka *Sondre Norheim – skikunstnaren frå Morgedal* av Kjetil Steinsholt vart omsett til ny språkdrakt av Stein Versto, men framleis med illustrasjonane til Knut Høihjelle.

Deltakarar i pedagogiske opplegg var om lag det same som føregåande år. Til saman 652 elevar deltok i opplegg (ned 5,4%). Men positivt var det at ein større andel var knytt til DKS. 489 elevar deltok i DKS-knytte opplegg, ein auke på 74%. VTM har DKS-avtaler med fire kommunar i Vest-Telemark.

Av digital formidling utvikla og testa me ut appbasert digital audioguide i utstillingane i Eidsborg og oppgraderte den digitale formidlinga med geofencing i Morgedalsløypa. På NSE vart også dei interaktive utstillingane Fram og New School oppgradert. Den akusmatiske utstillinga om Draumkvedet i Eidsborg vart testa ut, men endeleg opning utsett til 2022 på grunn av smittevernreglane. Det vart vidare arbeid med to filmprosjekt som vert presentert i 2022. Dette er ei nyredigering av Sverre Samuelsen sin film *Blant kunstnarar i Telemark* frå 1960 og nyproduksjon av *Anne Grimdalen og Djevelens rytter* i samarbeid med Anne Lognvik.

Heimesida hadde 26.829 besøkande, ein auke på 6,5% frå 2020. Facebook aukar framleis (18%) og me har no 6018 følgjarar. Det vart publisert 161 innlegg + 59 arrangement. På Instagram hadde me 72 innlegg og har no 1543 følgjarar (opp 18%).

Plan for formidling og marknadsføring vert årleg rullert og vedteke i driftsplan. Formidlingsplanen vart rullert hausten 2021.

Måloppnåinga for formidling vert vurdert som god ut frå rammer og omstenda i 2021. Med etableringa av ei ny museumspedagogstilling frå hausten 2021 og styrking av samarbeidet med DKS er ein nærare målet om å betre tilbodet til skulane.

Forvaltning vedlikehald og sikring

Resultatmål vedlikehald og sikring

Årsmelding 2021 for Vest-Telemark Museum

Vest-Telemark Museum skal halde vedlike sine bygningar og kulturlandskap for ettertida.

- gjennomføre prioriterte vølingar antikvariske bygg og kulturlandskapstiltak
- utarbeide vedlikehaldsplan med oversyn over trong, prioriteringar og løysingar
- etablere ei realistisk rullering for vedlikehaldet
- styrke kompetansen innan bygningsvern
- følgje opp alarmanlegg teknisk og sikringsrutiner

Vurdering av eiga måloppnåing

Vølingar dette år var restaurering av brynesteinssliperi i Eidsborg, pipe og peis Flekstveitstoga og vøling tak Midtsundburet i Kviteseid og vøling pipe og peis Bjørnstadstoga i Fyresdal, samt ei rekkje tiltak på Øyfjell Bygdemuseum som ny tilkomstveg, tak badstoge, nedløp Mostaulstoga og låve. Gardstunet i Øyfjell vart komplettert med fjos, som vart restaurert i laftehallen på museet i Eidsborg før oppsetjing. Vidare er Sørensen-hytta på Vinje Biletgalleri ferdigstilt innvendig, og skal opne for publikum med utstilling 2022. Med støtta frå KUD til vøling av våningshuset på Grimdalen, vart planlegging og prosjektering av dette utført slik at tiltaket kan bli gjennomført i 2022.

For støttefunksjonsbygg er det gjort vøling av bakvegg på Norsk Skieventyr, gjort overbygg til barnegruva ved Åmdals Verk Gruver, ferdigstilt ystebu/utescene Øyfjell. Her vart også oppføring av nytt kjøken- og sanitærbygg sett i gang, noko som skal vere ferdig våren 2022. SD-systemet i Eidsborg er skifta ut, og ein har innført FAMAC for å betre oppfølging og dokumentasjon av oppgåver og rutiner for FDV. Prosjektering og oppfølging av aktivitetsparken i Morgedal ligg også til avdelinga.

Mannskapsressursane er styrka dette året med ei ny stilling frå juni. Slik er kapasitet og kompetanse styrka, sjølv om behovet framover vil vere større. Vidare kompetanse vart også bygd ved ein av handverkarane våre som deltek på Bygningsvern II-studiet 21/22 ved Fagskolen.

Sikringsplanen vert følgd opp, og Kviteseid bygdetun fekk ny brannalarmsentral. Nytt alarmanlegg for Grimdalen er prosjektert og søkt delfinansiering. Tiltaket vert gjennomført i 2022. Det var ingen branntilløp eller tjuveri frå våre anlegg i 2021.

Andre krav og føresetnader for statstilskotet

Rapport om klima- og miljøtiltak

VTM hadde som mål å bli sertifisert Miljøfyrtårn innan 2022, og dette kom på plass i mars 2021. Med dette vart heile verksemda gjennomgjeve og vurdert, også internkontrollsystem og HMS. Som Miljøfyrtårn har me sett opp ei rekkje målsetjingar og tiltak for å redusere vårt miljøavtrykk og bidra til eit grønt skifte.

Dei fyrste tiltaka var å gjennomgå og forbetre avfallshandtering. Alt avfall frå verksemda vert no sortert, og ein har også kontroll på utvikling av avfallsmengd i dei ulike kategoriar. Straumsparende tiltak var allereie gjort ein gjennomgang på tidlegare, og det er no fyrst og fremst omsynet til klimakrav til våre samlingar som hindrar ytterlegare reduksjonar. Ein stor del av våre støttefunksjonsbygg er også gamle og ikkje bygd etter dagens krav til isolasjon og oppvarming, men

Årsmelding 2021 for Vest-Telemark Museum

dette er ikkje mogeleg å gjere noko med på kort sikt. Flisfyringsanlegg vart kostnadsrekna for museet i Eidsborg i 2021, men her viste det seg å ikkje vere ei teneleg løysing. Nytt kafè- og sanitærbygg i Øyfjell vert bygd etter dagens krav til miljø og energibruk.

Det vart vedteke eigen reisepolicy og ny grøn innkjøpspolitikk for VTM som gjeld alle delar av verksemda. Det vil seie at ein vektlegg kortreiste råvarer til kafè, miljøgunstige produkt i museumsbutikkane og energiokonomiske og miljømerka produkt elles til drifta.

Dette året vart det også etablert ladepunkt for elbil både for publikum og tilsette ved museet i Eidsborg. Tiltaket vart støtta av Tokke kommune og Vest-Telemark Kraftlag.

Nytt tiltak gjennom personalreglementet var også å styrke godtgjersla for samkøyring.

Andre krav og føresetnader til statstilskotet

Dei tilsette og styret vart gjort kjend med dei krav og føresetnader som følgde tilsegnsbrevet for 2021. Ein viser til tidlegare rapporteringar for arbeidet for immateriell kulturarv, mangfald, likestilling, universell utforming med meir. For rapporteringsåret gjeld mykje det same som er meld inn tidlegare.

Som særskild satsing vart det utfordra til eit krafttak for mangfald. Vårt viktigaste bidrag til dette er det breie og mangfaldige tilbodet VTM yter gjennom dei mange tema og publikumstilbod på våre einingar. Gjennom dette når me ut til mange ulike publikumsgrupper og aldrar, både mellom lokalbefolkninga og tilreisande. Det er, og skal vere, låg terskel for å nytte seg av våre tilbod. Minoritetsgrupper som samar og rom er naturleg representert i relevante utstillingar om høvesvis skikultur og handverk. Me har etablert samarbeid med vaksenopplæringa i regionen som nyttar våre tilbod i introduksjonsprogramma og norskundervising. I 2021 var det likevel mindre etterspurnad etter dette om følgje av mindre nye innvandrarak til regionen.

Når det gjeld publikumsutvikling hadde me ein plan om å gjennomføre undersøkinga i regi av Kulturrådet/Rambøll. Denne vart diverre avlyst, og ein hadde ikkje høve til å gjere ei undersøking. Me opplever likevel me kjenner relativt godt til vårt publikum, og har ein tett dialog med lokale eigarstyre, venelag, turoperatørar, skular mm. Framover vil arbeidet ut mot skulane/DKS bli styrka og me vil ta i bruk retta marknadsføring gjennom SoMe. Særskild er det målsetjing om å i endå større grad nå ut til barnefamiljar.

Eventuelle andre kommentarar til årsrapporten

Vedlikehald - erklæring frå styret

Gjennom fleire år har ein påpeika behovet for ei styrking av vedlikehaldet, særskild av den omfattande antikvariske bygningsmassa. Det ekstraordinære tilskotet til vøling av våningshuset på Grimdalstunet som ein fekk i 2022 er slik eitt viktig steg vidare. Det er likevel behov for ei varig driftsmessig lyft på dette feltet.

Styret erklærer at vedlikehald er prioritert, og det vert gjort godt og viktig arbeid innan dei rammer ein har. Men det vil vere naudsynt med ei ressursmessig styrking om ikkje viktig bygningsarv skal gå tapt. Viser til prioritert tiltak budsjettsøknad.

Årsmelding 2021 for Vest-Telemark Museum

Straumkostnader

Dei svært lite føreseielege utgifter til straum har i vinter medført betydelege meirkostnader. Dette skuldast strukturelle årsakar, og løysinga ligg på eit overordna politisk nivå.

Mål og nye tiltak**1. Styrking bygningsvern**

Prioritert tiltak inn til budsjett 2023 er som omsøkt dei seinare år ei styrking av bygningsvernet internt på museet. Det er gjort ei intern prioritering så langt ein kan, og vår FDV-avdeling består frå 2022 av 4,5 årsverk. Denne har i tillegg til oppfølging av det antikvariske bygningsvernet ansvar for sikring, drift- og vaktmeistertjenester for alle anlegg, deltek i utstillingsbygging og støttar andre avdelingar ved museet. Slik er det no vel to årsverk avsett til å følge opp 91 bygningar med datering frå 1167 til 1990, spreidd over eit stort geografisk område.

Det er gjort ei grundig tilstandsvurdering av alle bygg, med kostnadsvurdering av tiltak og prioriteringar. Etterslepet vart i 2018 kostnadsrekna til 56 millionar. Dersom ein skal ha ei målsetjing om eit ordinært rullerande vedlikehald innan 2030 må ein ha ei årleg ressursauke på minimum 5 millionar. Styrkinga vil både gå til å auke den faste staben, og men òg til kjøp av tenester frå vårt restaureringsfaglege nettverk.

Søknadsbudsjett:

Eiga omdisponering	1000'
Kulturdepartementet	2000'
Fylkeskommune	1000'
<u>Kommunar</u>	<u>1000'</u>
<u>Sum</u>	<u>5.000'</u>

Kommentarar til rekneskap og balanse

Vest-Telemark Museum følgjer dei vilkår og krav til økonomiforvaltning, kontroll og rapportering sett av departementet. Årsrekneskap er revidert og viser eit positivt resultat på kr. 1.514.856,-, som vert overført til styrking av eigenkapitalen. Den er no på kr.11.799'. Årsresultatet utgjere 7,3% av samla driftsinntekter. Ein vurderer økonomistyringa som god, og arbeider aktivt for å redusere faste kostnader og auke egne salsinntekter. Dei faste offentlege driftstilskotta kjem inn som budsjettert, og utgjorde i 2021 72% av samla inntekter, mot 76,5 % i 2020 og 63,2 % i 2019. Vriding i fordeling skuldast ekstraordinært koronatilskot og nedgang eigeninntekter. Av dei offentlege driftstilskotta utgjorde statleg bidrag 54,9 %, medan fylke og kommunar bidrog med høvesvis 25,6 og 19,5%.

Bruttofortenesta på suvenir og bøker var på 53,4%, medan for mat var den 54,3%. Dette er ei betring frå fjoråret, men framleis noko under målsetjing for mat.

Årsmelding 2021 for Vest-Telemark Museum

Driftsresultatet 2021 var påverka av smitteverntiltak og nedstenging, sjølv om hovudsesongen gjekk tilnærma som normalt. Større arrangement og utleiger vart kansellert, og planlagde tiltak vart utsett på grunn av alternative oppgåver på heimekontor, eksterne leverandørar eller endra førestnadar hjå våre samarbeidspartar. Større tiltak som ikkje kjem tilsyne i driftsrekneskapen er nytt kjøken og sanitærbygg på Øyfjell Bygdemuseum og det nye aktivitetsområdet utanfor Norsk Skieventyr. Kostnadar med dette er dekt av eksterne tilskot, og kjem tilsyne i balansen.

Vurdering av den økonomiske utviklinga med omsyn til...

...likviditet

Likviditeten var tilstrekkeleg gjennom året. Ein har etter 2015 arbeidd medviten med å styrke eigenkapitalen slik at ein er betre rusta til å takle uføresette kostnadar.

...eigeninntekter

Budsjettmålet for eigne salsinntekter var samla sett til 2.705', medan resultatet viser 3621', noko som tilsvarar ei måloppnåing på 133,9%. Måloppnåing for mat var 148%, suvenir 123,6%, billetter 118,2% og bøkar 146,4%. Budsjettet var lagt med erfaringane frå 2020, men omsetnaden vart langt betre enn venta. Resultat salsinntekter vart faktisk berre 5,6% under 2019 nivå.

Sal av tenester hadde ei måloppnåing på 238% i høve til budsjett. Desse var mindre påverka av restriksjonane, men er også mindre føreseielege å budsjettere.

Budsjettmål for prosjektinntekter var 2.375', men me hadde ei måloppnåing på berre 55,5%. Dette skuidast utsetjing og hindra gjennomføring på grunn av restriksjonane. Prosjekttilgangen var ved årsskiftet god.

...løn og pensjon

Personalkostnadane utgjorde 54,6% av samla resultat, mot 47,9% og 49,3% dei to føregåande år. Staben vart noko utvida for å styrke vedlikehald og formidling, og samt at ein gjennomførte planlagd lønsløft for organisasjonen. Med koronakompensasjonen vart det planlagd og gjennomført ein normalsesong både med bemanning og opningstider.

Pensjonskostnadane var særskild låge dette år på grunn av refusjon av for mykje innbetalt til premiefond. Eigentlege pensjonskostnadar var på 1410', medan 1123' vart refundert. Reell pensjonskostnad auka med 58,1%, og utgjorde 12,5 % av samla lønskostnadar mot 9,2% i 2020. VTM er i gruppa små føretak og kostnadsfører/balansefører ikkje framtidige pensjonsplikter.

...eigenkapital

Eigenkapitalen utgjere ved årets slutt kr.11.799' mot kr.10.304' i 2020. Eigenkapitalen utgjere med dette 56,5 % av samla driftsramme. Styret ser med dette rom for å vedtaka finansiering av ferdig prosjekterte tiltak frå eigenkapitalen, sjølv om dei ikkje ligg inne i gjeldande driftsplan/budsjett.

Årsmelding 2021 for Vest-Telemark Museum

...andre sentrale problemstillinger

Smittevernstiltak og uvissa rundt pandemien prega også dette året. Dette gjekk i hovudsak ut over større planlagde arrangement, utleiger, booka grupper og prosjekt, sidan sesongen kunne bli avvikla tilnærma som normalt. Publikumsaktiviteten var også betydeleg redusert i vinterhalvåret på grunn av restriksjonane.

I høve til gjennomføring av prosjekt og planlagde tiltak gjorde restriksjonane og heimekontor at ting vart utsett, oppgåver flytta på eller tok lengre tid enn føresett.

...tiltak for å sikre effektiv ressursutnytting

Revisjon av fellesdokument og etablering av ny internkontrollbok vart eit omfattande arbeid i samband med sertifisering som Miljøfyrtårn. Med dette fekk eit opp eit langt ryddigare og betre fungerande internsystem, og betre sikring av rutiner.

Tilsvarande tok ein i bruk eit nytt digitalt oppfølgings- og dokumentasjonssystem for FDV (Famac). Det tek tid å få alt inn i systemet, men når dette er gjort har ein etablert eit godt styringsverktøy for denne delen av verksemda.

System for digital timeregistrering for timeløna vart utprøva i sesong, men vert ikkje vidareført på grunn av avgrensa rapportering, ressurskrevjande oppfølging og kostnad. Digital køyrebok gjennom Visma vart teke i bruk, og vert vidareført.

Kravet om tilrettelegging av heimekontor var eit gjennomgåande hinder for effektiv ressursutnytting. Det meste av våre oppgåver vert utført best på arbeid, med tilrettelagde arbeidsplassar og utstyr.

Det vart gjort avtale om utsetjing av kafèdrifta ved Norsk Skieventyr i 2022. Samla sett er dette eit viktig tiltak for å betre vår ressursutnytting. Målsetjing for salsinntekter er justert etter dette.

Det vart ikkje avhenda noko bygg dette året, men ein del av eigendomen ved NSE vart skild ut og seld for å unngå kostnadar ved felles veglag.

Strategiar og langsiktige planar for dei neste tre åra

Resultatmål drift og utvikling

Vest-Telemark Museum skal trygge og auke driftsgrunnlaget for verksemda, sikre gode arbeidstilhøve og fysiske rammevilkår.

- vidareutvikle NSE og VTM – Eidsborg som faglege og opplevingsmessige fyrtårn
- arbeide for nytt regionalt kunstmuseum med magasin og utstillingsareal etter faglege standardar
- utvikle samla salsinntekter til kr. 4 mill. i 2023
- prioritere marknadsarbeidet
- styrke faglege ressursar innan formidling, vedlikehald og kjeldearbeid
- kurse og vidareutdanne personalet
- styrke faglege nettverk
- vidareutvikle HMS/IK-planarbeidet og organisasjonsplan
- etablere bygningsvernssenter for regionen

Årsmelding 2021 for Vest-Telemark Museum

Resultatmål for korleis me skal arbeide på Vest-Telemark Museum

- Vest-Telemark Museum skal sørge for sikra og ordna arbeids- og lønsvilkår og legge til rette for fagleg og personleg utvikling.
- Me skal drive museet gjennom medverknad, tydelege mål og klare mandat.
- I vår arbeidsdag skal me vere opne, vise respekt og krydre med humor og glede.
- Me skal arbeide for å redusere vårt klimaavtrykk og arbeide aktivt for ei berekraftig drift.
- Vest-Telemark Museum er Miljøfyrtårn og skal leggje dette til grunn for vårt arbeid.

Resultatmål samlingsarbeid

Vest-Telemark Museum skal arbeide målretta for å betre katalogisering, sikring og bevaring av samlingane.

- drifte fellesmagasinet for VTM og samlingane på alle einingar
- utarbeide klare rutiner for god samlingsforvaltning i samsvar med standarden SPECTRUM og ICOM.
- prioritere revisjon av gjenstandsregistreringane.
- gjennomføre ei restriktiv innsamling med prioritering av dei tematiske satsingsområda folkekunst og skikultur, 1900-talsmateriale.
- gjere samlingane fortløpande digitalt tilgjengeleg for publikum.
- følgje vedteken samlingsforvaltningsplan for VTM

Resultatmål forskning og dokumentasjon

Vest-Telemark Museum skal leggje til rette for forskning og formidling i tilknytning til samlingane.

- prioritere oppfølging av faglege førespurnader innan våre fagfelt
- stimulere til forskning innan våre fagfelt gjennom å setje av eigne ressursar og utarbeide problemstillingar for masterstudentar og andre
- vidareføre stipendordninga for forskning på kultur- og kunsthistoriske tema frå regionen
- stille våre kjelder digitalt tilgjengeleg
- følgje vedteken forskningsplan for VTM

Resultatmål formidling

- utvikle og produsere utstillingar, aktivitetar/arrangement og publikasjonar som stimulerer til oversyn, forståing og kritisk refleksjon
- vedlikehalde og vidareutvikle formidlinga ved museets faste visingsarenaer
- legge museets faste arenaer til rette for publikum generelt, og for grupper med særskilde behov spesielt
- prioritere aktivitetsbasert formidling basert på fysisk rekvisittbruk, audiovisuell/digital stimulering og bruk av sosiale medium
- legge særskild vekt på formidling til born, unge og innvandrarak gjennom pedagogisk tilrettelegging og samarbeid med undervisningsinstitusjonar, DKS, Kulturtanken og andre
- bidra til museet si heimeside som informasjons- og formidlingskanal
- lære opp sesongtilsette formidlarar og utarbeide/fornyte guiderressursar.
- følgje vedteken formidlingsplan

Resultatmål vedlikehald og sikring

Vest-Telemark Museum skal halde vedlike sine bygningar og kulturlandskap for ettertida.


- gjennomføre prioriterte vølingar antikvariske bygg og kulturlandskapstiltak
- utarbeide vedlikehaldsplan med oversyn over trong, prioriteringar og løysingar.





Årsmelding 2021 for Vest-Telemark Museum


- etablere ei realistisk rullering for vedlikeholdet
- styrke kompetansen innan bygningsvern
- følge opp vedteken sikringsplan og vedlikeholdsplan


Eidsborg 16.02.2022



Dag Rørgemoen, direktør



Lars Bjaadal


Johannes Skarprud


Arne Vinje


Ingunn Monrak-Haugan


Inger Synnøve Fles Lie


Trond Arild Pedersen

**Resultatrekneskap**

	Note	2021	2020
DRIFTSINNEKTER			
Tilskot	7	16 689 119	16 931 629
Anna driftsinntekt		4 182 786	3 229 598
Sum driftsinntekter		20 871 905	20 161 227
DRIFTSKOSTNADER			
Varekostnad		1 120 355	821 845
Lønskostnad	2	11 316 954	9 658 017
Avskr. varige dr.midlar	3	356 082	269 086
Annan driftskostnad		6 488 453	5 792 417
Sum driftskostnader		19 281 845	16 541 365
DRIFTSRESULTAT		1 590 061	3 619 862
FINANSINNEKTER OG FINANSKOSTNADER:			
Renteinntekt		17 819	30 755
Anna finansinntekt		32	5 308
Rentekostnad		92 898	160 196
Annan finanskostnad		158	4 599
Resultat av finansposter		-75 205	-128 732
ORDINÆRT RESULTAT FØR SKATTEKOSTNAD		1 514 856	3 491 130
Ordinært resultat		1 514 856	3 491 130
EKSTRAORDINÆRE INNEKTER OG KOSTNADER			
ÅRSRESULTAT		1 514 856	3 491 130
OVERFØRINGAR			
Overført annan eigenkapital	6	1 514 856	3 491 130
Sum overføringar		1 514 856	3 491 130




Balanse


	Note	2021	2020
EIGEDLAR			
ANLEGGSMIDLAR			
Tomter, bygningar og annan fast eigedom	3	1 725 294	2 178 688
Driftslausøre, inventar, verkøy, kontormask. ol.	3	6 792 044	6 695 744
Sum varige driftsmidlar		8 517 339	8 874 432
Investeringar i aksjar og andelar	3	5 002	5 002
Andre langsiktige fordringar		156 751	135 591
Sum finansielle anleggsmidlar		161 753	140 593
Sum anleggsmidlar		8 679 092	9 015 025
OMLØPSMIDLAR			
Varer		616 793	589 456
Sum varer		616 793	589 456
Kundefordringar		131 747	18 711
Andre fordringar		863 005	857 192
Sum fordringar		994 752	875 903
Bankinnskot, kontantar og liknande		15 461 173	10 481 978
Sum omløpsmidlar		17 072 719	11 947 337
SUM EIGEDLAR		25 751 810	20 962 362


**Balanse**

	Note	2021	2020
EIGENKAPITAL OG GJELD			
EIGENKAPITAL			
Selskapskapital	5,6	212 000	212 000
Sum innskoten egenkapital		212 000	212 000
Annan egenkapital	6	11 587 391	10 091 859
Sum opptent egenkapital		11 587 391	10 091 859
Sum egenkapital		11 799 391	10 303 859
GJELD			
Gjeld til kredittinstitusjonar	4	5 040 000	5 700 000
Sum anna langsiktig gjeld		5 040 000	5 700 000
Leverandørgjeld		480 423	1 480 301
Skuldige offentlege avgifter		648 036	511 520
Anna kortsiktig gjeld		7 783 960	2 966 682
Sum kortsiktig gjeld		8 912 419	4 958 503
Sum gjeld		13 952 419	10 658 503
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD		25 751 810	20 962 362


Eidsborg, 16.02.2022
Styret for Stiftinga Vest-Telemark Museum


Lars Bjørndal
Styreleder



Ingun Momrak-Haugen
Styremedlem


Arne Vinje
Styremedlem


Johannes Skarprud
Styremedlem


Inger Synnøve Fles Lie
Styremedlem


Trond Arild Federsen
Styremedlem


Dag Rørgemoen
Daglegjefar

Stiftinga Vest-Telemark Museum



STIFTINGA VEST - TELEMARKE MUSEUM

Org. Nr. 985 231 931

NOTER TIL ÅRSREKNESKAPET FOR 2021

Note 1 - Regnskapsprinsipp

Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapet er sett opp i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapskikk for små foretak. Selskapet har ikkje foretekje endring i rekneskapsprinsipp i rekneskapsåret.

Driftsinntekter

Inntektsføring ved sal av varer skjer på leveringstidspunktet. Tenester vert inntektsført etter kvart som dei vert levert.

Klassifisering

Eigendelar som er bestemt til varig eige eller bruk er klassifisert som anleggsmiddel. Øvrige eigendelar er klassifisert som omløpsmiddel. Gjeld som forfell seinare enn eit år etter balansedagen er oppført som langsiktig gjeld. Fordringar som skal tilbakebetalast innan eit år er uansett klassifisert som omløpsmidlar.

Anleggsmidlar vert vurdert til anskaffelseskost, men nedskrivast til verkeleg verdi når verdifallet er forventa å ikkje vera forbigåande.

Langsiktig gjeld vert balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

Omløpsmidlar er vurdert til lågaste av anskaffelseskost og verkeleg verdi, og nedskrive ved varig verdifall.

Finansielle anleggsmidlar

Finansielle anleggsmidlar vert ført til anskaffelseskost og nedskrive til verkeleg verdi ved varig verdifall.

Fordringar

Kortsiktige fordringar vert ført opp i balansen til pålydande etter frådrag for forventa tap.

Varelager

Eigentilverka varer vert ført opp til variabel tilvirkningskost. Råvarer og innkjøpte varer for videresal, vert ført opp til lågaste av kostpris og verkeleg verdi.

Finansielle omløpsmidlar

Ved tilordning av anskaffelseskost er nytta FIFO - metoden. Ved verdsetjing er nytta lågaste av kostpris og verkeleg verdi.

Gjeld

Gjeld er balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

Note 2 - Lønnskostnader

Lønnskostnaden for to siste år består av fylgjande.

	2021	2020
Lønningar	9 953 024	7 703 440
Arbeidsgjevaravgift	1 080 180	842 293
Pensjonskostnader	143 458	891 601
Andre lønnskostnader	140 292	220 683
Sum lønnskostnader	11 316 954	9 658 017
Gjennomsnittleg antall årsverk	14	13

I 2021 er det brukt kr 1 122 840 av premiefond i KLP til innbetaling av pensjonskostnad.



Note 3 - Varige driftsmidler

	Maskin/ Inventar	Bygg Eidsborg	Inventar/ utstilling Eidsborg	Kanal- parken	Bygg NSE	Bygg Øyfjell	Vass- drags modell	Lade- stasjon	Sum
Anskaffelseskost 01.01.	1 404 651	57 490 973	6 443 643	5 943 579	1 846 548	74 256	-		73 203 650
Årets tilgang	237 400	17 833		-		890 137	645 417	218 011	2 008 798
Årets avgang til anskaffelseskost									-
Anskaffelseskost 31.12.	1 642 051	57 508 806	6 443 643	5 943 579	1 846 548	964 393	645 417	218 011	75 212 448
Akkumulerte av-/nedskr. 31.12.	1 293 651	87 167		760 579	381 348			2 950	2 525 695
Motatt tilskott		51 284 858	5 991 746	5 183 000	-	964 393	645 417	100 000	64 169 414
Bokført verdi pr 31.12.	348 400	6 136 781	451 897	-	1 465 200	-	-	115 061	8 517 339
Årets avskrivning	141 100	69 132		106 000	36 900			2 950	356 082
Årets nedskrivningar									-
Årets avskrivning i %	20 %			14 %	2 %			15 %	
Økonomisk levetid	5 år			7 år	50 år			7 år	
Avskrivningsplan	Linær	Linær	Linær	Linær	Linær				

Aksjar/ lutekapital

Finansielle anleggsmidler

	Antal	Kostpris	Bokført	Eigarandel i %
Norsk Skieventyr AS	50	0	1	5,00 %
VisitTelemark AS	5	0	1	
Stiftinga Norsk Landstadsenter		5 000	5 000	5,00 %

Note 4 - Langsiktig gjeld/ pantsetjingar og garantiar

Gjeld som forfell til betaling meir enn fem år etter rekneskapsårets slutt 2021
Gjeld til kredittinstitusjonar 3 000 000

Pantsetjing og liknande	Gjeld sikra ved pant	Sikkerheit	Bokført verdi
Gjeld til kredittinstitusjonar	5 040 000		
Kassakreditt	-		
Sum	5 040 000		-

Limit kassakreditt er kr. 0.

Det er 2 lån i stiftinga 31.12.2021. Eit på kr. 660.000 for å dekke kjøp av lokaler i Morgedal. Betaling på dette lånet vil tilsvare den husleiga som var på dette lokalet før. Lånet er nedbetalt i år 2026.

Det andre lånet er på kr. 4.800.000. Dette står i stiftinga Vest Telemark Museum sitt navn, men vert fullt betjent av Tokke Kommune. Dette er Tokke Kommune sitt bidrag til utbygginga i Eidsborg. Lånet er nedbetalt i år 2036.

**Note 5 - Innbetalt selskapskapital**

Følgjande har innbetalt selskapskapital

Namn	Innskott kapital
Vest - Telemark Museum, Eidsborg	201 000
Anne Grimdals Minne	1 000
Åmdals Verk Gruver	1 000
Fyresdal Bygdemuseum	1 000
Kviteseid Bygdetun	1 000
Norsk Skieventyr	1 000
Øyfjell Bygdemuseum	1 000
Dyre Vaa Samlingane	1 000
Skinnarlandsamlinga	1 000
Vinje Biletgalleri	1 000
Myllarheimen	1 000
Vinjestoga	1 000
Totalt innbetalt selskapskapital	212 000

Note 6 - Egenkapital

Stiftelsen opptjente egenkapital er splittet i annen egenkapital og fond for samlingar.

	Grunnkapital	Fond for samlingar	Anna EK	Sum eigenkap
Pr. 31.12.2020	212 000	104 016	9 987 844	10 303 860
Årets resultat		-19 324	1 514 855	1 495 531
Egenkapital pr 31.12.2021	212 000	84 692	11 502 699	11 799 391

Årets sal av gjenstander er tillagt fond for samlingar.

Fond for samlingar kan kun nyttast til innkjøp av nye objekter til samlingane.

Oppset nedenfor viser bruk/ tilgang på fondet for 2021.

Fond for samlingar	
Per 31.12.2020	104 016
Tillagt fondet i året	1 176
Årets bruk	20 500
Per 31.12.2021	84 692

Note 7 - Offentlege driftstilskot

Namn	Tilskot	Tilskot
Det kongelige kulturdepartement	Driftstilskot	8 220 000
Det kongelige kulturdepartement	Ekstra tilskot vedk. Covid-19	288 000
Vestfold og Telemark fylkeskommune	Driftstilskot	3 827 195
Tokke kommune	Driftstilskot	1 209 508
Fyresdal kommune	Driftstilskot	144 582
Kviteseid kommune	Driftstilskot	487 966
Vinje kommune	Driftstilskot	967 124
Seljord kommune	Driftstilskot	110 538
Det kongelige kulturdepartement	Ekstraordinært tilskot Grimdalen	2 000 000
Sum		17 254 913



Revisorteam Vest Telemark AS

Tilsluttet Revisorteam AS

Til styret i

Stiftinga Vest-Telemark Museum

Melding frå uavhengig revisor

Uttale om årsrekneskapen

Konklusjon

Vi har revidert Stiftinga Vest-Telemark Museum sin årsrekneskap som viser eit overskot kr 1.514.856. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2021 og resultatrekneskap for regnskapsåret avslutta per denne datoen, og notar til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining

- oppfyller årsrekneskapen gjeldande lovkrav, og
- gjev årsrekneskapen eit rettvissande bilete av stiftinga si finansielle stilling per 31. desember 2021 og av resultatata for regnskapsåret avslutta per denne datoen, i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er skildra under overskrifta Revisors oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen. Vi er uavhengige av stiftinga slik det er krav om i lov, forskrift og International Code of Ethics for Professional Accountants (medrekna dei internasjonale sjølvstendestandardane) utferda av the International Ethics Standards Board for Accountants (IESBA-reglene), og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for vår konklusjonen.

Ytterlegare informasjon

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarleg for ytterlegare informasjon som er publisert saman med årsrekneskapet. Ytterlegare informasjon består av årsmeldinga. Vår konklusjon om årsrekneskapet overfor dekkjer ikkje øvrig informasjon.

I samband med revisjon av årsrekneskapen er det vår oppgåve å lese annan informasjon. Formålet er å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom den øvrige informasjonen og årsrekneskapen og den kunnskap vi har opparbeidd oss under revisjonen av årsrekneskapet, eller om øvrig informasjon står fram som vesentleg feil. Vi har plikt til å rapportere dersom øvrig informasjon står fram som vesentleg feil. Vi har ingenting å rapportere i så måte.

Registrert Revisjonsselskap
Autorisert Rekneskapsførarselskap
Adresse Vinje
Åmotvegen 8, 3890 Vinje
Adresse Seljord:
Brøløvsvegen 47,3840 Seljord

Org.nr.: 968 407 880
Tlf. kontor: 35 06 27 00

Avd. kontor Seljord:
Tlf.: 35 06 27 10

Ansvarleg revisor
Reg. revisor Siv Aarnodt
Reg. revisor Inger Noraberg
Reg. revisor Tor Einar Skarprud
Reg. revisor Aud Eva Vaa Sollid
Reg. revisor Kristine Midtbø Mo

E-post
siv@revisorteam.no
inger.n@revisorteam.no
toreinar@revisorteam.no
audeva@revisorteam.no
kristine@revisorteam.no



Leiinga sitt ansvar for årsrekneskapen

Leiinga er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at han gjev eit rettvissande bilete i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for slik intern kontroll som ein finn naudsynt for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følge av misleg framferd eller utilsikta feil.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til stiftinga si evne til fortsatt drift og opplyse om tilhøve av betydning for fortsatt drift. Føresetnaden om fortsatt drift skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen

Vårt mål er å oppnå den tryggleik vi treng for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følge av misleg framferd eller utilsikta feil, og å gje ei revisjonsmelding som inneheld vår konklusjonen. Den tryggleik vi treng er ein høg grad av sikkerheit, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misleg framferd eller utilsikta feil. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjersle som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

For vidare omtale av oppgåvene og pliktene til revisor blir det vist til <https://revisorforeningen.no/revisjonsberetninger>

Uttale om andre lovmessige krav

Konklusjon om utdeling og forvaltning

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen som skildra over, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenkla revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at stiftinga er forvalta og utdelingar er utført i samsvar med lov, stiftinga sitt formål og vedtektene for elles.

Seljord, 16. februar 2022

Revisorteam Vest Telemark AS

Kristine Midtbø Mo
Statsautorisert revisor